

A 226

Doktør.

33621 - 96.76

JORDSKIFTERETT

Avskrift fra rettsboka for Ytre Nordhordland jordskifterett for  
det som etterstående vedkjen :

=====

Arl 1975 den 8. september vart jordskifterett sett i huset til  
Ingeborg Fosse på gnr. 25, Fosse i Meland.

Retteformann : Jordskiftedømmer Sverre Aardal.

Jordskiftemenn : 1. Nåken Hatland, Nikangervåg.  
2. Einar Hopland, Mundvin.

Protokollferir var jordskiftedømmaren.

Sak nr. /1975.

Sak sekjarar : 1. Karl K og Johan K. Fosse, eigar av bnr. 5.  
2. Martin Berge, " " " 2.  
3. Halvard K. Fosse's bu  
ved John K. Fosse, " " " 14.

Saksøkte :

1. Sigurd A. Fosse, eigar av bnr. 11.
2. Gunnar T. Fosse, " " " 7 og 8.
3. Olav A. Asen, " " " 9.
4. Nils J. Fosse, " " " 10.
5. Anny Mathisen, " " " 12.
6. Olev Skrimesta, " " " 13.
7. Olav J. Fosse, " " " 1.
8. Giele Aarhus, " " " 3.
9. Malvin Nylland, " " " 4.
10. Johs. I. Fosse, " " " 6.
11. Synnøve Fosse, " " " 16.
12. Karl Fjellstad, " " " 15.
13. Olav J. Fosse m. fl. " " " 17.
14. Jerund Aarhus, " " " 36 og 52.

Beka gjeld : Krav om grensegang for sameiga til gnr. 25,  
Fosse ved Fossejzen.

Frammest i retten var :

Karl Fosse, John Fosse, Martin Berge, Halvard K. Fosses bu ved Johs. H. Fosse etter skiftefullmakt, Sigurd A. Fosse som også mester for mor si Synneva Fosse ved skriftleg fullmakt, Olav Åsen, Karl Fjellstad, Nils J. Fosse, Anny Mathisen ved mannen sin Roy Mathisen ved munnleg fullmakt, Olav Skrånestø ved sonen Vilhelm Skrånestø ved skriftleg fullmakt, Olav J. Fosse som også mester for syskina sine som eig bnr. 17 i lag med han, Gisle Aarhus mester ikkje, Malvin Hylland mester ikkje, Gunnar T. Fosse mester ikkje, Jørund Aarhus mester ikkje og dessutan møtte Johs. I. Fosse.

Dei som ikkje møtte var alle varsle.

Rettsformannen las opp §§ 106-108 i domstollova og etter til-spurnad kom der ingen ihnvending mot samansetjinga av retten og retten sa seg gild i saka.

Framlagt i retten vart :

1. Krav om denne sak av 29/8-75.
2. Innkalling til dette møte med alle partane si godkjenning av varselsfrist og innkalling.
3. Fullmakt frå Synneva Fosse til Sigurd Fosse.
4. Fullmakt frå Olav Skrånestø til Vilhelm Skrånestø av 5/9-75.

Dokumanta vart opplest.

Dessutan vart hatt tilstades i retten :

1. Skylddeling for bnr. 2.
2. Avskrift av utmarksutskiftinga på gnr. 25, Fosse.
3. Kopi av utmarkskartet frå utskiftinga.

Av desse dokument vart lest det som dei møtande fann turvande. No fekk alle partane forklara seg om saka og der kom ingen protest korkje formelt eller materielt mot handsaming av saka.

Det syntes seg at der ikkje var tvist om grensa mellom sameiga ved Fossejøen og bnr. 2. Denne grensa går frå növerande bru over Fosseaas straustover til sjøen ved naustet til bnr. 9 og 10. Grensa vart her først utstukka i marka og partane sa seg samd i denne grensa. Deretter vart grensa avmerka i marka. Denne grensa vert å skriva slik :

Bindesomsgrensa mellom sameiga til gnr. 25, Fosse ved Fossesjøen på nordaustsida av grensa og gnr. 25, bnr. 2 på motsette side, tek til ved den nye bruа over Fossedø og går i rett linje SÅTA ca. 1,5 m til kross i fjell, same retning 31,1 m til merkestein, same retning 29,4 m til kross i skrått berg, same retning 9,3 m til merkestein, same retning 22,1 m til kross i skrå bergnøy ved sjøen og same retning ca. 5 m til strandlinja og vidare i same retning til merbakken i sjøen.

Bei som eig i sameiga har vegrett på sørssida av det her skrivne første grensemærke i ein avstand frå grensa av 3 m ved vegen og 5 m øraustover frå første grensemærke og herfrå over sameiga.

Samstrettane til bnr. 8,9, og 10 er urørde av denne sak og er som før.

Om bnr. 15,16,17,36 og 52 har dei i denne sameiga ved Fossesjøen er ikkje handeame i denne sak.

.....

Alle jordskiftekostnadene vart betalt av John K. Fosse som skal ha attende fri dei andre partane det dei skal betala innan 14 dagar frid i dag den 8/9-1975.

Saka vart sett i verk den 25. nov. 1975.

Sak vart kunngjord ved opplesing av rettsboka.

Ingen merknad til leidinga av retten eller forring av rettsboka.

Retten heva.


8/9- 1975.

Sverre Aardal (s)

Nikolai Hatland (s)

Einar Hopland (s)

Rett utskrift :



405.-

3621 9/6 76  
R226  
Jordskiftedommar